



## HØYRING OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA

### Minimumskrav til grunnbemanning:

Småfolk barnehage stettar forslaget om minimumskrav til grunnbemanning. Eit godt forslag som vil vera ein viktig føresetnad for å skape gode rammevikår, og det å ha god forutsigbarheit for barn, foreldre og tilsette.

Samstundes er det viktig å presisere behovet for endra finansieringsmodell. Og det er svært viktig å sjå kravet til grunnbemanning i same ljos som behovet for ny finansieringsmodell. Dagens finansieringsmodell er alt for uforutsigbar for oss private barnehagar. Det å få utarbeida eit tilskot på bakgrunn av kommunen sine 2 års gamle rekneskap, gjer budsjettarbeidet og barnehagedrifta svært komplisert for oss. Og at det i tillegg er tufta på kommunen sine samla gjennomsnittlege utgifter for deira eigne barnehagar, gjer det svært lite fleksibel for private barnehagar med gjennomgåande høgare kostnadars.

Dagens finansieringsmodell vil gi negative konsekvenser for nye lovendringar som har ei kostnadsramme. Slik som minimumskravet til grunnbemanning vil ha for dei kommunar og barnehagar som pr. i dag ligg over dette minimumskravet.

Viss eit minimumskrav til grunnbemanning vert lovfesta vil ein del private barnehagar måtte ta kostnadane for dette sjølv, då det vil gå 2 år før dette vil verta utslagsgivande med dagens finansierungssystem.

Småfolk barnehage synest det er viktig med ei presisering på korleis kunnskapsdepartemanget vil løyse desse økonomiske utfordrinane i praksis.

### Skjerpa forskriftskrav til pedagogisk bemanning:

Småfolk barnehage stettar forslaget om auka pedagogisk bemanning. Dette vil vera med på å auke kvaliteten i barnehagane. Eit viktig grep for å sikre høgare og jamnare kvalitet i barnehagane.

Ei auka pedagogisk bemanning vil gi konsekvenser for blant anna den ubundne tida. Fleire pedagogar og færre assistenter vil medføre færre tid med barna på golvet. Det blir difor viktig å sjå på dei økonomiske konsekvensane, og korleis ein vil løyse bemanningsstettheten i

praksis. Det er difor viktig å sjå kravet til grunnbemanning i lys av skjerpa forskriftskrav til pedagogisk bemanning.

Planleggingstida til pedagogane er svært viktig. Og mange opplever at den tida som er sett av i dag, allereie er for lita.

Underteika tenker likevel at denne treng ikkje vera statisk. Å ha ei differansiert planleggingstid tenker eg ville kome det einskilde barnet, barnegruppa og barnehagen som heilhet til gode.

Dvs at planleggingstida blir knytta opp til storleiken på barnegruppa, evt utfordringar som til dømes barn med særskile behov.

I dag er planleggingstida rekna ut ifrå storleiken på stillinga til pedagogen. Difor har ein pedagog med ei barnegruppe på 9 barn like mykje planleggingstid som ein pedagog med ei barnegruppe med 18 barn.

Å ha ubunden tid som blir rekna utifrå talet på barn, samt utfordringar på barnegruppa, ser eg difor på som ei svært god løysing.

Å få eit pedagogkrav på minimum 50%, samstundes med minimumskrav til grunnbemanning vil vera økonomisk hensiktsmessig, då det vil vera naturleg at ein tilsett nye pedagogar for å stette kravet om grunnbemanningsa.

Men for at dette skal kunne vera muleg, er det sjølvsagt viktig at dei økonomiske rammene kring desse kostnadane blir fulgt opp frå departemanget si side.

Å gi ansvaret til kommunane på dette området kan skape mange negative økonomiske utfordringar og forskjellar rundt om i landet.

For å kunne møte kravet om skjerpa forskrift til pedagogisk bemanning, så er dagens finansieringssystem svært uhensiktsmessig. At dei private barnehagane kan risikere å ta rekninga for dette i inntil 2 år, kan i dei verste tilfelle føre til kroken på døra for mange private barnehagar. Eller at mange vel å selge seg ut til dei store barnehagekjedane, og dermed vil mangfaldet blant barnehagar minske.

Småfolk barnehage føreslår ei større konsekvensutgreiing kring grunnbemanning, auka pedagogisk bemanning, ubunden tid og dagens finansieringssystem, for dermed å finne gode løysingar som sikrar god kvalitet og lik behandling av kommunale og private barnehagar.

#### Plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO:

Småfolk barnehage synest det er svært positivt at det vert ei plikt mellom skuleeigar og barnehageeigar å samarbeide om ein overgang frå barnehage til skule og SFO, der barns beste er i fokus.

*Barnehagen og skolen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbudet til de eldste barna i barnehagen, deres overgang til og oppstart i skolen.*

Både barnehage og skule har stor fagleg kompetanse og erfaring, som gjennom eit godt og forpliktande samarbeid vil vera med på å gjøre overgangen tryggast mogleg for barna.

At departemanget i tillegg skriv at eit godt samarbeid om barna sin overgang føreset at barnehage er kjend med hovudinnhaldet i skulen sitt læreplanverk, og at skulen er kjend med hovudinnhaldet i rammeplanen for barnehagar er svært positivt.

Dette vil danne eit godt grunnlag for drøftingar kring barns leik og læring. Og det ansvarleggjer barnehagen og skulen si faglege rolle i større grad.

Etne 13.10.2017

For Småfolk barnehage:

Anette Lauareid Hovda  
Eigar og dagleg leiar